

Reguleringsbestemmelser til reguleringsplan for nytt høgdebasseng på Galtmettet, gbnr 36/72, 1

Saksgang	Møtedato	Saksnummer
1.gangs behandling	19.03.25	Plan-25/00010

§ 1 Planens avgrensning

Bestemmelsene gjelder for området innafor plangrense på plankart datert 11.03.2025, Reguleringsplan for Galtmettet høgdebasseng, plan-ID 2025001. Plana omfatter adkomst, parkeringsområde og område for høgdebasseng.

§ 2 Hensikten med reguleringsplana

Hensikten med reguleringsplana er å leggje til rette for bygging av høgdebasseng med tilhøyrande adkomstområde.

§ 3 Reguleringsformål

Bebyggelse og anlegg

- Vassforsyningsanlegg (o_BVF)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Kjøreveg (SV)
- Parkering
- Annen veggrunn-grøntareal (SVG)
- Annen veggrunn – tekniske anlegg

Grønnstruktur

- Naturområde – grønnstruktur

Hensynssoner

- H310 Ras og skredfare
- H570 kulturminner

Bestemmelsesområde

Byggegrense mot veg

§ 4 Fellesbestemmelser

§ 4.1 Bygge- og anleggsfasen

Plan for beskyttelse av omgivelsane mot ulemper i bygge- og anleggsfasen skal følge søknad om igangsettingsløyve. Plana skal gjere rede for trafikkavvikling, massetransport, driftstider, trafiksikkerhet, skilting, renhald og støvdemping.

§ 4.2 Kulturminner

Dersom det under anleggsarbeidene oppdages automatisk fredete kulturminner, skal arbeidet øyeblikkelig stanses og Fylkeskonservatoren varsles, jf. Lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50.

§ 4.3 Overvann

Plan for handtering av overflatevatn må utarbeides og sendas inn med søknad om igangsetting.

§ 5 Bebyggelse og anlegg

§ 5.1 Vassforsyningsanlegg

Innafor byggegrense tillates det etablert høgdebasseng med tilhøyrande funksjonar med BYA inntil 600 m².

Anleggets mønehøyde skal ikkje overstige 8 meter med ei maks kotehøgde på møne på +135 moh.

Bygningsmassen si fasadekledning skal ha matte naturfarger.

Det tillates oppført gjerde opp til 2 meters høgde for sikring av anlegget.

Eksisterande vegetasjon som kan bidra til avskjerming av tiltaket skal bevarast i størst mogeleg grad.

§ 6 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

§ 6.1 Veg

Den regulerte atkomstvegen skal opparbeidas som vist på plankartet og i tråd med gjeldande teknisk norm for kommunale gater og veger.

Terrenginngrep i samband med opparbeiding av veg og parkeringsareal skal utførast med minst mogeleg terrenginngrep.

Vegen til høgdebassenget skal stengas med port.

§ 6.2 Parkering

Innafor areal avsett til parkering kan det opparbeidas parkeringsplassar.

§ 6.3 Annen veggrunn – grøntareal

Annen veggrunn – grøntareal skal nyttast til veggrøft

§ 6.4 Annen veggrunn – tekniske anlegg

Annen veggrunn er sideareal til kjøreveg.

§ 7 Grønnstruktur

§7.1 Naturområde - grønnstruktur

Vegetasjonsskjermen har som formål å skjerme anlegget. Innenfor område regulert til vegetasjonsskjerm skal eksisterende vegetasjon i størst mogeleg grad bevarast. Etter gjennomføring skal sør- og vestsida av bygget, der eksisterande vegetasjon ikkje er bevart, revegeteres med stedegne arter som samtidig gir god skjerming. Revegetering skal vere gjennomført før søknad om ferdigattest.

§ 8 Hensynssoner

§ 8.1 Hensynssone H310

Skredfaren innanfor denne omsynssona har større årleg sannsyn enn 1/1000, men mindre enn 1/100. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 (jf. Byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert oppnådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige

§ 8.2 Hensynssone H570

Sone for bevaring av kulturmiljø rundt den Trondhjemske postveg. Innafor sone H570 skal det ikkje gjerast anleggstiltak eller andre tiltak som kan svekke verdien av kulturminnet. Naturleg vegetasjon skal takast vare på.

§ 8.3 Bestemmelsesområde

Innanfor bestemmelseområda kan det tillatast lettare konstruksjonar, gjerde, port og parkeringsareal.

§ 8.4 Byggegrense mot Fylkesveg

Byggegrense mot Fv 670 er oppretthaldt med 50 meter.

§ 9 Rekkefølgebestemmelser

- Før igangsettingsløyve for bygging av høgdebasseng kan gis, må nødvendige godkjenninger frå Mattilsynet foreligge.
- Plan for handtering av overvatn må sendas inn med søknad om igangsetting av tiltaket.
- Vegetasjonsskjerm skal beplantes innan det gis ferdigattest til anlegget.

